

**INTENSJONSAVTALE  
MELLOM  
FORBUNDET KYSTEN (FK) og PROSJEKTET KYSTPILEGRIMSLEIA (KPL)/NCE Tourism**

**Partene**

Kystpilegrimsleia er eit samarbeidsprosjekt mellom fylkeskommunane Sør-Trøndelag, Møre og Romsdal, Sogn og Fjordane, Hordaland og Rogaland og bispedømme Bjørgvin, Møre, Stavanger og Nidaros. Prosjektet Kystpilegrimsleia vert leia av NCE Tourism på vegne av prosjekteigarane NCE er eit klyngeprosjekt eigd av Norges Forskningsråd, Innovasjon Norge og SIVA. NCE Tourism har eiga styringsgruppe, men organisatorisk underlagt Fjord Norway AS.

Forbundet KYSTEN er ein frivillig kulturvernorganisasjon med 10 500 medlemar fordelt på 125 lokale kystlag. Forbundet Kysten er den eine kontraktsparten i denne avtalen. Sogn og Fjordane fylkeskommune har koordineringsansvar for prosjektet Kystpilegrimsleia og er på vegne av prosjekteigarane (dei fem fylkeskommunane og dei fire bispedømme) den andre kontraktsparten i denne avtalen.

**Føremål**

Prosjektet Kystpilegrimsleia arbeider for å styrkje Vestlandskysten som reisemål og som historisk opplevingsarena m.a. ved å ta i bruk religiøse kulturminne og historisk ferdsel til sjøs.

Formålet med denne avtalen er å legge til rette for et godt samarbeid mellom prosjektet Kystpilegrimsleden, Forbundet KYSTEN og NCE Tourism i planlegginga og gjennomføringa av 5 regionale arrangement langs kysten frå Jæren til Trondheim i forbindelse med den offisielle opninga av Kystpilegrimsleia sommaren 2018. Som dato for arrangementa er sett...

**Oppgåver/Ansvar**

Det er lokale kystlag i dei aktuelle områda som må take stilling til om dei vil bidra til opningsmarkeringa. Forbundet KYSTEN sender ut invitasjon til kystlaga om deltaking, basert på grunnlagsinformasjonar om tiltaka utarbeidd av prosjektgruppa i KPL.

Det einsskild kystlaget står berre ansvarleg for gjennomføringa av dei oppgåvene dei spesifikt tek på seg gjennom skriftlege avtaler mellom dei og prosjektgruppa i KPL. Ansvar for heilskapen i opningsarrangementa vil verte delt mellom kommune, fylke, kyrkja og andre aktive samarbeidspartar.

Ansvar for koordinering av reiselivsaktørar, kunngjeringar og marknadsføring vil liggje på prosjektleiinga (NCE Tourism).

**Organisering**

Opningsmarkeringa i KPL vert organisert som eige delprosjekt med prosjektgruppa som rapporteringsinstans. Dei einsskild kystlaga som ønskjer å bidra til opningsmarkeringa for Kystpilegrimsleia, rapporterer til prosjektgruppa i KPL med kopi til Forbundet KYSTEN. Prosjektgruppa inngår avtaler med kystlaga om gjennomføringa av opningsarrangement. Forbundet Kysten deltek på møte i prosjektgruppa (anten fysisk eller virtuelt) for å sikre god flyt av overordna informasjon.

**Samarbeid**

Forbundet KYSTEN, prosjektgruppa i Kystpilegrimsleia og NCE Tourism pliktar seg gjennom denne avtalen til å samarbeide om å legge til rette for at kystlaga kan bidra med aktivitetar og praktisk oppgaveløysing under arrangement i samband med opningsmarkering av Kystpilegrimsleia. Partane skal halde kvarandre gjensidig-orientert.

Førde/Oslo mars 2017

Prosjektet Kystpilegrimsleia

  
Ass fylkesdir Ingebjørg Erikstad

Forbundet KYSTEN

  
Generalsekretær Per Hillesund